



Årsmelding 2016

NORSK INSTITUTT FOR BUNAD OG FOLKEDRAKT

Innhold

| | |
|---|-----------|
| INNLEIING | 3 |
| FORMALIA | 3 |
| ADMINISTRASJON OG PLANARBEID | 5 |
| ADMINISTRASJON | 5 |
| ØKONOMI | 5 |
| MÅL, UTFORDRINGAR OG SATSINGSOMRÅDE..... | 6 |
| <i>Samlingsforvaltning</i> | 6 |
| <i>Forsking</i> | 6 |
| <i>Nettverk og fornying</i> | 6 |
| <i>Personal- og lønspolitikk</i> | 7 |
| FORVALTNING OG DOKUMENTASJON | 8 |
| ARKIV OG SAMLINGAR | 8 |
| <i>Oversyn arkiv og samlingar ved NBF</i> | 8 |
| FELTARBEID: NASJONAL KARTLEGGING | 9 |
| <i>Gjennomførte feltarbeid i 2016:</i> | 9 |
| <i>Registrering, foto</i> | 9 |
| <i>Mønsterarkiv</i> | 9 |
| <i>Stoffarkiv</i> | 11 |
| <i>Modellbunader og draktsamlinga</i> | 11 |
| <i>Arkiv etter Kristin Røgeberg</i> | 11 |
| <i>Leif Flugon og Irmelin Benes' samling</i> | 11 |
| <i>Biblioteket</i> | 11 |
| DIGITALISERING OG SIKRING | 12 |
| <i>Sikringsmiddel</i> | 12 |
| <i>Digitalt museum</i> | 13 |
| FORSKING OG FAGLEG FORDJUPING..... | 14 |
| REKONSTRUKSJON | 14 |
| ARBEID MED REKONSTRUKSJON I 2016 | 14 |
| <i>Østfold, mannsbunad frå fyrste del av 1800-talet</i> | 14 |
| <i>Østfold, kvinnebunad frå slutten av 1700-talet</i> | 14 |
| <i>Sunnmøre, kvinnebunad fyrste del av 1800-talet</i> | 14 |
| <i>Sør-Valdres, kvinnebunad fyrste del av 1800-talet</i> | 15 |
| <i>Stor-Elvdal/ Rendalen, rekonstruksjon av kvinnebunad</i> | 15 |
| <i>Gudbrandsdalen, mannsbunad frå siste del av 1700-talet</i> | 15 |
| <i>Rekonstruksjon, ullkvalitetar</i> | 15 |
| <i>Rogaland, kvinnebunad frå siste del av 1700-talet</i> | 15 |
| NOMENKLATUR | 15 |
| <i>Boksamarbeid med Museum Nord</i> | 16 |
| <i>Foredrag om handelsveggar i Noreg</i> | 16 |
| <i>Manifest</i> | 16 |
| <i>Bunadshistoria</i> | 16 |
| <i>Styrke formidlinga og bruken av arkiva ved forsking</i> | 16 |
| FORMIDLING, UNDERVISING OG RÅDGJEVING | 17 |
| RÅDGJEVING | 17 |
| <i>Drakt og samfunn</i> | 17 |
| <i>Bunadopplæringa</i> | 17 |
| <i>Utstilling</i> | 18 |
| <i>Nettsider og sosiale media</i> | 18 |

| | |
|--|-----------|
| <i>Omvisingar</i> | 18 |
| DELTAING OG MØTE | 19 |
| FORNYING OG NETTVERKSBYGGING | 22 |
| <i>Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil</i> | 22 |
| <i>Bunad og næring</i> | 22 |
| <i>Fagdagane 2016 - Broderi</i> | 22 |
| <i>Immateriell kulturarv</i> | 22 |
| <i>Evalueringskomité under Unesco</i> | 22 |
| BUNAD OG FOLKEDRAKTRÅDET | 24 |

INNLEIING

Årsmeldinga for 2016 syner at det har vore eit travelt år, med fleire store endringar ved instituttet. Før jul i 2015 fekk instituttet middel frå Kulturdepartementet til å sikre samlingane. I 2016 har derfor mykje av tida gått med til dette arbeidet.

Den 1. mars gjekk konservator Camilla Rossing over i ei ny stilling som leiar ved instituttet. 28. april hadde konservator Solfrid Trydal sin siste dag før ho fløtt til Ålesund. Fram til 1. august var instituttet dermed utan to av sine tilsette. Dette, og ombygginga av lokala, har gjort sitt til at 2016 har vore eit litt uvanleg år for dei tilsette. Prioritering av oppgåver og godt samarbeid har likevel gjort at arbeidet har gått framover. Arbeidet med ombygging og oppussing var for det meste ferdig i desember, og ein kunne byrje med å flytte og sortere arkiv og gjenstandar på plass. Med nye og betre lokal, to nye tilsette og ny leiar i løpet av 2016, er likevel mykje blitt gjort, og ein ser fram mot ein frisk start på 2017.

Det vart gjennom vinteren 2014-15 utarbeidd og vedteke ein ny langtidsplan for 2015 – 2018 både for Valdresmusea og Norsk institutt for bunad og folkedrakt. Langtidsplanen definerer sentrale mål og utfordringar for instituttet, og årsplanen spring ut av denne. Instituttet sitt faglege utgangspunkt og formål handlar om kunnskap og rådgjeving, og det er difor naturleg at ei styrking av instituttet ligg nett her. Samlingsforvalting og forskning er satsingsområde også dei neste to åra, saman med eit auka fokus på bevaring av immateriell kulturarv. Norsk institutt for bunad og folkedrakt skal realisere sitt mål om å vere ein kunnskapsinstitusjon ved å la instituttet sine tre hovudoppgåver, forvalting, forskning og formidling, fungere saman i ein heilskapleg modell.

Årsmeldinga vil vise at NBF er godt i gang med dette arbeidet, med desse hovudpunkta:

- Styrking av feltarbeid i utsette områder
- Forsvarleg bevaring av arkiva
- To nye fagtilsette
- Deltaking i UNESCO sitt instruktørnettverk
- Deltaking i Evaluation Body under UNESCO
- Nye forskingsfelt

FORMALIA

Norsk institutt for bunad og folkedrakt (NBF) er eit nasjonalt kompetansesenter som arbeidar med dokumentasjon, forskning og formidling av folkedrakt og bunad.

I 1947 vart Statens bunadsnemnd oppretta under Heimeyrkekontoret i Landbruksdepartementet. Frå 1955 vart namnet endra til Landsnemnda for bunadspørsmål og organisert under Kontoret for kunst og kultur. I 1967 vart nemnda omorganisert, og fekk eige sekretariat og nye statuttar. I 1986 vart namnet omgjort til Bunad- og folkedraktrådet, og same år vart sekretariatet flytta frå Oslo til Fagernes.

Frå 2008 vart all drift av Bunad- og folkedraktrådet organisert under Valdresmusea AS, regulert av ein eigen avtale mellom Kulturdepartementet (KUD) og Valdresmusea (VM). Arbeidet er organisert som ei eiga avdeling med felles administrasjon med Valdresmusea. Vedtektene for Valdresmusea er endra for å inkludere BFR/NBF. Museet har vedtak om at ein fylgjer ICOM sine museumsetiske reglar.

Institusjonen endra i oktober 2010 namn til Norsk institutt for bunad og folkedrakt (NBF), medan det statleg oppnemnde fagrådet beheld namnet Bunad- og folkedraktrådet (BFR).

NBF har store dokumentasjonssamlingar og arkiv som er staten sin eigedom. Dette overleverast Riksarkivet ved behov. Vi har framleis plass og behov for å ha dette på Fagernes. Verksemda har valt å halde fram med same rutinar ang post og arkivering som tidlegare.

Avtalen frå 2008 mellom Valdresmusea og Kulturdepartementet seier mellom anna at NBF skal arbeide for å framme, verne og vidareføre bruk og tilverking av dei norske bunadene, som eit uttrykk for kulturell identitet og som berar av særne kvaliteter. NBF skal dessutan dokumentere og fremje kunnskap om eldre folkeleg draktskikk, som grunnlag for dagens bunader.

Avtalen mellom Valdresmusea og KUD inneber følgjande delmål for institusjonen:

- Sørge for sikring, lagring, formidling, utvikling og vedlikehald av **dokumentasjonssamlingane**
- **Formidle kunnskap** frå arbeidet og om fagfeltet
- Vidareføre og vidareutvikle arbeidet med å **gje råd** om og stimulere til auka forståing for tradisjonell draktskikk som utgangspunkt for norsk bunadtilverking.
- Vere **sekretariat** for det statlig oppnemnde Bunad- og folkedraktrådet

Staten ved NBF har no i 70 år arbeidd med å dokumentere bunad- og folkedraktmaterialet i Noreg. Den nasjonale kartlegginga av norsk draktskikk er i global samanheng eit eineståande arbeid og gir eit unikt materiale for forskning og ei vidareføring av den norske, allmenne bruken av bunad.

ADMINISTRASJON OG PLANARBEID

ADMINISTRASJON

Ole Aastad Bråten, direktør Valdresmusea as. (konstituert frå 01.01.15-30.09.15)

Camilla Rossing, leiar NBF (frå 01.03.2016)

Tove Stubbene, økonomi og personalleiar Valdresmusea as.

NBF nyttar museet sine vaktmeistrar, reinhaldarar og handverkarar etter behov

ØKONOMI

Økonomisk ramme for 2016 har vore løyvinga frå Kulturdepartementet på kr 4.074.000,- , kr. 55065,- i egne inntekter og 1.025.000,- kr. i prosjekttilskot. Tilskotet inneheldt 25.000,- frå Unesco til gjennomføring av Fagdagane. I desember 2015 fekk instituttet et ekstra tilskot på kr. 1.000.000,- frå Kulturdepartementet til sikring av samlingane. Den totale ramma i 2016 var slik **kr 5.154.056,-** .

Kontorsjef fører no rekneskap for Valdresmusea (VM). NBF har 20% av denne stillinga. NBF har eige budsjett der instituttleiar har budsjettansvar og syter for attestasjon av alle fakturaer, refusjonskrav, reiserekningar m.m. for betaling. Direktør ved VM attesterer for instituttleiar sine reiserekningar. I rekneskapen er ein del postar spesifikke, medan ein del er prosentvis fordelt på NBF og resten av Valdresmusea. NBF har i 2016 hatt dei største kostnadane sine til KLP, feltarbeid og datatenester levert av KulturIT. Personalkostnadane utgjer om lag 70 % av totalbudsjettet. Auke frå tidlegare år kjem i hovudsak av at kostnadar knytt til føring av rekneskapen no går over personalbudsjettet. Alle dei fagtilsette i staben har vore på jobb gjennom året utan permisjonar. Ein tilsett, Solfrid Trydal sa opp stillinga si 2. januar 2015 av private årsakar.

Fagtilsette ved NBF i 2016

| NAMN | STILLINGSTITTEL | ARBEIDSTITTEL |
|---------------------|-----------------------------------|---------------|
| Camilla Rossing | Amanuensis 100 % frå 1. mars | Leiar |
| Camilla Rossing | Amanuensis fram til 29. februar | Konservator |
| Ragni E. Nilsen | Amanuensis 100% frå 1. august | Konservator |
| Solveig Strand | Amanuensis 100% frå 1. august | Konservator |
| Solfrid Trydal | Amanuensis 100% fram til 1. april | Konservator |
| Kristin Gulbrandsen | Førstekonsulent 100 % | Fagkonsulent |
| Bodil Enger | Førstekonsulent 80 % | Fagkonsulent |

Ekstrahjelp

Randi Flatin har arbeidd 50 % som arkivmedarbeidar, på engasjement.

Torgeir Bolstad har arbeida som fotograf på timebasis, om lag ei 10 % stilling.

Samarbeid med frivillige:

Maria Lund (pensjonist) ein halv dag kvar veke arbeidd med skanning av fotoarkivet.

Margunn Søyland Nesbakken (pensjonert bibliotekar) har arbeidd om lag 3 halve dagar i veka.

MÅL, UTFORDRINGAR OG SATSINGSOMRÅDE

Det vart i 2014 utarbeida og vedteke ein ny langtidsplan (2015-2018) for NBF, der samlingsforvaltning, forskning og nettverksarbeid er prioriterte satsingsområde. 2016 har vore prega av ei storstilt satsing på sikring og bevaring av samlingane.

Samlingsforvaltning

NBF har hatt behov for å oppbevare arkiv og samlingar på ein meir forsvarleg måte, og på same tid gjere arkiva og biblioteket meir tilgjengeleg for publikum. Hausten 2015 vart det søkt om midlar til dette hjå Kulturdepartementet, som vart tilgodesett med ein million kroner. Sommaren og hausten 2016 vart sett i gong oppussing og ei mindre ombygging som har gitt betre oppbevaringsforhold for arkiva og samlingane, samt ei meir hensiktsmessig organisering av ulike bruksrom. I 2017 ligg no alt til rette for auka bruk og formidling av samlingane. I takt med auka satsing på digitalisering og kulturhistorisk forskning, skal samlingane ved NBF bli stadig meir tilgjengelege og relevante for folk.

Denne satsinga er òg speila i arbeidet som nav i Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil, der ein i 2015 sette ned ei arbeidsgruppe som skal utarbeide ein ny, felles nomenklatur for registrering i PRIMUS på heile drakt- og tekstilfeltet blant norske museum. Arbeidsgruppa hadde sine to fyrste møter i 2016, kor det vart lagt ein treårig plan for arbeidet med nomenklaturen. I oktober 2016 vart det søkt Kulturrådet om prosjektmiddel, og nettverket fekk 150.000,- kr. til dette arbeidet i 2017.

Forskning

Auka fokus på forskning er naudsynt om arkivsamlingane ved instituttet skal skapast om frå fakta til ny kunnskap, og leggje grunnlaget for nye utstillingar, foredrag og vitenskaplege artiklar. I 2016 har dette arbeidet i stor grad vorte sett på vent, på grunn av andre, store oppgåver. Ein finn at det i periodar kan være ei utfordring å finne tid og ro til forskning. I august 2016 vart det tilsett to nye konservatorar med ansvar for samlingsforvaltning og forskning. Dei er både forventa å drive forskning etter kvart som dei er kome skikkeleg på plass på instituttet.

I 2016 har instituttet haldt fram sin deltaking i Valdresmusea sitt forskingsprosjekt Manifest, der vi undersøker kvifor ein i Sverige og Noreg har så ulike syn på den folkelege tradisjonskulturen.

Nettverk og fornying

Norsk institutt for bunad og folkedrakt har som mål å styrke nettverksarbeid og dialog med andre relevante aktørar på feltet. Dette er viktig for nå nye brukargrupper og for å kunne inngå meningsfulle samarbeid. NBF har allereie inngått samarbeid om Fagdagan og har nav-ansvaret i Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil. Både desse oppgåvene har vore viktige møteplassar, og har gjort instituttet sitt arbeid kjent for langt fleire enn før. Sida 2015 har NBF også vore med i det så kalla Instruktørnettverket for Immateriell kulturarv i Noreg, i tett dialog med Norsk Kulturråd. Dette arbeidet har vore særskilt interessant, og er eit nytt felt for instituttet. Det er mål at instituttet skal virke som aktuelle instruktørar og foredragshaldarar på emnet.

Våren 2016 vart Camilla Rossing, då konservator, invitert til å bli med i den Nordeuropeiske evalueringskomiteen under Unesco, saman med Norsk Håndverksinstitutt. Dette er ein av 6 komitear verda over, som evaluerer søknader til dei internasjonale IKA - listene. Ein slik kjennskap til og erfaring med Unescosystemet og «the Evaluation Body», samt dei årlege mellomstatlege møta, sett NBF i ei særstilling i norsk kulturarvsarbeid.

Personal- og lønspolitikk

I samarbeid med Valdresmusea skal personal- og lønspolitikk få høg prioritet dei neste åra. Lønnsnivået blant dei tilsette er til dels lågt, og er særleg eit hinder for å tiltrekke høgare kompetanse til instituttet. Ein gjennomgang av stillingskoder og stillingstitlar i 2015 var difor naudsynt, noko som bidreg med å skape føreseielege og trygge rammer for dei tilsette. Dette arbeidet vart aktuelt i dei lokale forhandlingane i desember 2016, og vil halde fram i 2017.

FORVALTNING OG DOKUMENTASJON

I tillegg til feltarbeid har fokus i 2016 vore på å omstrukturere samlingane og flytte dei ulike gjenstands-gruppene til betre egna rom og magasin. Dette sikringsarbeidet har også omfatta ei delvis ombygging av instituttet sine lokal, og har mellom anna gitt eit eige inntaksrom til magasin. Med nye lokal og ei betre organisert samling og arkiv, er instituttet i stand til å arbeide meir effektivt med både forvaltning, forskning og formidling.

ARKIV OG SAMLINGAR

NBF har eit stort arkiv av registrerte draktplagg frå heile landet, om lag 78.000. Størstedelen av desse plagga er i privat eige, og ein mindre del i museumseige. Folkedraktmaterialet står sentralt i dokumentasjons-arbeidet, men også plagg prega av folkeleg mote er viktig å registrere. NBF registrerar også eldre bunader der ein finn det relevant, for å dokumentere ei 150 år lang bunadshistorie.

NBF forvaltar dessutan eit omfattande mønsterarkiv som inneheld både originalmønster, graderte mønster, skisser, vev- og broderimønster og saumforklaringar frå folkedraktplagg over heile landet.

NBF har ei stor draktsamling med nyare modellbunader frå ulike rekonstruksjonsprosjekt. Det er ei målsetjing at NBF skal ha modellbunadar frå alle rekonstruksjonar som er utført i samarbeid med instituttet. NBF har også ei samling av gamle draktplagg, sko, draktmetall og så vidare til bruk i undervising og det faglege arbeidet elles.

NBF skal til ei kvar tid ha eit oppdatert stoffarkiv til bruk i rådgjevingsarbeidet vårt, samt som ein dokumentasjon på utviklinga i norsk tekstilindustri.

NBF har ei biblioteksamling som til ei kvar tid skal innehalde det meste av relevant draktfagleg litteratur. Biblioteket er tilrettelagt som eit studiebibliotek for brukarar/studentar, og er elles eit viktig verktøy i det faglege arbeidet ved NBF. Biblioteksamlinga er no registrert i programmet Bibliofil gjennom eit samarbeid med Nord-Aurdal folkebibliotek. Arbeidet har gått føre seg i fleire år og vert gjort på frivillig basis. Ein fekk i 2015 ein eigen brukar i Bibliofil for NBF.

Oversyn arkiv og samlingar ved NBF

- Primus: Databasesystem for registrering av gjenstandar og foto
- Kortarkiv: Registreringskort frå feltarbeid fram til 2008
- Fotoarkiv: Filmnegativar, lysbiletearkiv, og digitalt fotoarkiv
- Kjeldearkiv: Skiftemateriale, ymse publisert og upublisert kjeldemateriale om eldre draktskikk/ bunadshistorie
- Stoffarkiv: Stoffprøver frå inn- og utland
- Mønsterarkiv: Avteikna mønster og saumforklaringar av folkedraktplagg og bunader frå ulike delar av landet
- Bibliotek: Faglitteratur som omhandlar bunad, folkedrakt, motehistorie, generell kulturhistorie, tekstilhandverk, sko, draktmetall osv
- Modellbunader: Nysydde kopiar av folkedraktmateriale, samt eldre folkedraktplagg til bruk i formidlingsarbeidet ved instituttet og som dokumentasjon på eldre draktskikk
- Korrespondansearkiv: Korrespondanse på faglege spørsmål og kontakt med fagmiljøet frå verksemda var oppretta

- Rekonstruksjonsarkiv: Bearbeida og systematisert empirisk materiale, samt analyser og tolkingar i samband med rekonstruksjonsprosjekta
- Mediearkiv: Omtale av bunad og folkedrakt i media
- Studentoppgåver (197 stk pr. 31.12.15)
- Diverse innkome private arkiv

FELTARBEID: NASJONAL KARTLEGGING

I samband med kartlegginga av eldre draktskikk i Noreg har NBF i 2016 gjennomført syv feltarbeid av ulik storleik. Det gode samarbeidet med lag eller institusjonar i lokalmiljøet er avgjerande for at feltarbeida blir vellukka.

I tillegg vart det arrangert fagdag på Utne i Hardanger hausten 2016, som ei førebuing til feltarbeid våren 2017. Dette vert det fyrste feltarbeid NBF gjer i det gamle kulturområdet Hardanger nokosinne, og er å betrakte som eit stort gjennombrøt. Dette er takk vere eit godt samarbeid og dialog med Hardanger folkemuseum.

Gjennomførte feltarbeid i 2016:

- | | |
|----------------------------------|---------------------------------|
| • Rogaland | Stavanger Museum |
| • Setesdal | Randi Myrum, Setesdalsmuseet |
| • Stor-Elvdal og Trysil | Odd Negaard og Marit Odden |
| • Nordland | Gøril Pedersen, Nordlandsmuseet |
| • Vest-Telemark | Sylvsamling frå Leif Flugon |
| • Gudbrandsdalen, Heidal og Vågå | Edda Ane Stubbrud |
| • Tinn, Atrå i Vest-Telemark | Olaug Salthe |

Totalt utgjer dette 1759 registreringar. Registreringane vert ført i registreringsprogrammet Primus. Feltarbeid i 2016 tilsvarar om lag 90 dagsverk + etterarbeid.

- | | | |
|------------------------------|--------------------|----------|
| • Rogaland, Stavanger museum | 9.-10. mars | 36 reg. |
| • Setesdal | 23. – 27. mai | 263 reg. |
| • Stor-Elvdal og Trysil | 13. – 16. juni | 232 reg. |
| • Nordland | 27. juni – 1. juli | 274 reg. |
| • Gudbrandsdalen, Vågå | 19. - 23. sept | 319 reg. |
| • Tinn, Atrå i Vest-Telemark | 10.-13. oktober | 381 reg. |
| • Registrert på instituttet | | 254 reg. |

Total tilvekst pr. 31.12.2016

1759 reg.

Totalt registrerte plagg ved NBF pr. 31.12.2015 i Primus

78194 reg.

Registrering, foto

- Det vart teke 3980 fotografi i 2016.
- Totalt har NBF 300 882 dokumentasjonsfoto i samlinga si.

Mønsterarkiv

Mønsterarkivet inneheld totalt 1121 mønster.

Tilveksten i mønsterarkivet i 2016 er på 53 mønster (inkl. 7 vevanalyser):

| | |
|-------------------|---|
| Romerike | Trøye (m) |
| Sør-Østerdalen | Lue (k) Lue (k) Lue (k) Lue (k) Lue (k) Trøye (k) Liv Liv Ermeliv Gamasje (k) Ermevest (m) Knebrok Knebrok Gamasje (m) Knebrok Lue (b) |
| Gudbrandsdalen | Liv Vest (m) |
| Valdres | Lomme (k) Lomme (k) Forkle, vevanalyse Bringeduk, vevanalyse Forkle, vevanalyse Forkle, vevanalyse Forkle, vevanalyse Forkle, vevanalyse Forkle, vevanalyse Vest (m) Vest (m) Vest (m) |
| Hallingdal, nedre | Trøye (k) |
| Vest-Telemark | Liv (k) Valk (k) Valk (k) Trøye (m) Trøye (m) |
| Aust-Agder, Åmli | Bukse (m) |
| Setesdal | Trøye (k) Bukse (m) |

| | |
|----------------------|-----------|
| | Vest (m) |
| | Vest (m) |
| Rogaland | Lue (k) |
| | Lue (k) |
| | Lue (k) |
| | Lue (k) |
| | Lue (k) |
| | Lue (k) |
| | Lue (k) |
| Nordland, Vesterålen | Liv (b) |
| Nordland, Beiarn | Trøye (k) |
| Nordland, Salten | Trøye (k) |
| | Hette (k) |

Stoffarkiv

I 2014 og 2015 vart det gjennomført ei stor opprydding i stoffarkivet og ein har arbeidd med arkivering av tidlegare innkomne stoffprøver. I 2016 har nye prøver blitt bestilt, og ein del av desse er arkivert. Hausten 2016 vart ein einige om at fagkonsulent Bodil Enger etter eige ynskje skal gå ned frå ein 80% til 50% stilling. Ho skal no arbeide for å få ein betre oversikt over stoffproduksjonen i Noreg og Europa. NBF får svært mange henvendingar om stoffkvalitetar og produsentar av visse stoff, i og med at stadig fleire fabrikkar legg ned produksjonen. Ein koordinert kommunikasjon mellom bunadtilverkarar og stoffprodusentar via instituttet kjem både partar til gode.

Modellbunader og draktsamlinga

Pr. 31.12.16 har NBF 64 modellbunader, 8 folkedrakter og ein god del enkeltplagg. Totalt tal på plaggdelar i draktsamlinga er no 987 enkeltplagg. Tilvekst i 2016 var ei gåve på 10 enkeltplagg frå Sigdal.

Arkiv etter Kristin Røgeberg

NBF fekk i 2016 arkivet etter Kristin Røgeberg sitt arbeid med sin magisteravhandling. Arkivet inneheld mellom anna skiftemateriale, notater, artiklar og diverse kjeldemateriale.

Leif Flugon og Irmelin Benes' samling

NBF fekk i september 2016 ei sylvsamling i gåve frå Leif Flugon og Irmelin Benes. Samlinga består av 423 draktmetallgjenstandar. Samlinga er mangfaldig og har stor kulturhistorisk verdi. Gåva er høgt verdsett av NBF, og vil bli nytt til forskning og formidling.

Biblioteket

- 5906 bøker, tidsskrift og småskrift

Tilveksten har i 2016 vore på 2776 nye bøker, tidsskrift og småskrift. Av dette er 2652 gåver, 51 innkjøpt og 73 anna tilvekst. Største delen av gåva kjem frå Aagot Noss, ei boksamling på 2987 titlar i alt (nokon blei innlemma i biblioteket i 2015).

Pr. 31.12.16 har NBF 26 DVD `ar. Tilvekst i 2016 var 3 filmar (2 dvd og 1 VHS).

DIGITALISERING OG SIKRING

Alle registreringane våre vert innførte i registreringsprogrammet Primus, som er drifta av KulturIT. NBF vurderer fortløpande dei ulike bruken i Primus, og har dialog med KulturIT for å gjera Primus betre og meir effektivt.

For at Primus skal bli eit godt verktøy i arbeidet vårt er me avhengige av å få lagt inn bilete til alle registreringane. Det har sidan 2005 vore prioritert å digitalisere alle gamle filmnegativar og lysbilete, og å leggje desse inn i Primusdatabasen. NBF sine negativar er no ferdige scanna, og arbeidet med lysbileta er godt i gang. På grunn av ombygging av instituttet, vert det skanna færre lysbilete i 2016. Tilveksten på skanna lysbilete i 2016 er 776. Det står att 8070 lysbilete som ikkje er skanna.

I 2010 vart alle dei 63298 registreringane våre konvertert frå Cardbox til Primus. Det er mykje etterarbeid etter denne konverteringa. Ein god del er gjort, men det er òg mykje som står att. Som eit ledd i denne oppryddinga vart det i 2015 starta ein systematisk gjennomgang av det gamle kortarkivet. Dette arbeidet har ikkje vore gjort etter april i 2016, både på grunn av ombygging og omskifting i staben. Det er likevel eit viktig arbeid, som fortsett i 2017. Slik får vi oppdatert Primus med foto, skisser, nemningar og anna informasjon som ikkje vart med i konverteringa, og dobbeltregistreringar vert slått saman. I tillegg vert nomenklaturen langt meir utfyllande med nye omgrep og dialektord.

Det er også behov for ein del oppryddingsarbeid i fotoarkivet frå perioden 2005-2007 som ein fylgje av overgang mellom ulike datasystem. For å gjere arkivet meir oversiktleg og brukarvenleg, jobbar me med å fjerne ein del av desse systema. Dette arbeidet inneber mellom anna omnummerering av fleire årsseriar, og mykje leiting for å finne og rydde opp i dei ulike systema.

Sikringsarbeid

Sikringsarbeidet ved NBF fylgjer sikringsplanen som vart utarbeidd saman med Valdresmusea i 2014. Her under ligg også ein evakueringsplan. Hausten 2015 vart det sett i gang arbeid med å innføre nøkkelkort på Valdres folkemuseum og Norsk institutt for bunad og folkedrakt. Nøkkelkorta vert tatt i bruk på nyåret 2016.

Mønsterarkivet og kjeldearkivet ved NBF er uerstattelege, og difor ein viktig del av sikringsplanen. Me er i ferd med å digitalisere desse. Digitalisering vil sikre materialet, samt kunne gjere det meir søkjebart og brukarvenleg. Kjeldearkivet har ikkje vore lagra på ein tilfredsstillande måte, og arbeidet med å syte for ei sikrere oppbevaring av dette vart for ein stor del gjennomført sommaren 2016.

Sikringsmiddel

I desember 2015 fekk Valdresmusea eit eingongstilskott frå Kulturdepartementet til sikring av staten sine samlingar og vidareutvikling av Norsk institutt for bunad og folkedrakt sine lokalar ved Valdres Folkemuseum på Fagernes.

Med tilskottet har det vore mogleg å legge forholda til rette for god sikring av samlingane. Med tilskottet har ein etablert ny publikumssone og internsone og skilt arkiv-, magasin-, mottaksrom ut i eigne soner. Her er det særskilte krav til reinhald og handtering av historiske drakter. I publikumssonen er det etablert studiebibliotek, besøksarkiv, studieplass med PC, resepsjon og kontorlokale for dei tilsette.

Førstekonsulent Bodil Enger ved NBF har vore ansvarleg for gjennomføringa av tiltaket, som i 2016 har hatt ein totalkostnad på 976 456 kroner. Eigeninnsatsen i prosjektet utgjer 196 650 kroner. Eit lite restbeløp frå eingongstilskottet på snaue 25 000 kroner vil i 2017 bidra til ferdigstilling av magasin for antikvariske draktplagg.

I avtalen mellom Valdresmusea og Kulturdepartementet heiter i punkt 3.1.f at Valdresmusea skal syte for lagring og sikring av staten sine eigedomar. Med tiltaket vil Valdresmusea greie å leve opp til desse forventningane.

Digitalt museum

I 2016 vart det publisert 38 registreringar på Digitalt museum. Dette talet er lågt, mykje fordi det har vore utskifting i stillinga som samlingsansvarleg. I 2016 vart derfor feltarbeid og arbeid knytt til flytting prioritert. Totalt er no 7182 registreringar publisert. NBF les korrektur på alle registreringar før publisering. Dette tek tid, og gjer at publisering vert eit noko langvarig prosjekt.

FORSKING OG FAGLEG FORDJUPING

NBF har som mål at rådgjevings- og formidlingsarbeidet ved instituttet skal vera basert på grundige faglege undersøkingar og gjerast med utgangspunkt i NBF sine samlingar. Tid og rom for denne typen faglege arbeid er naudsynt om arkivsamlingane ved instituttet skal skapast om frå fakta til ny kunnskap, og slik danne grunnlag for nye utstillingar, rekonstruksjonar av plagg og vitskaplege artiklar.

Arbeidsåret 2016 har likevel i stor grad vore prega av førebuing og gjennomføring av ombygging og sortering av samlingar. I tillegg har ei ny oppgåve for instituttet tatt mykje tid (om lag fire veker); frå våren 2016 har NBF delteke i Unesco sin Nordeuropeiske evalueringskomité. I langtidsplanen har ein satt som mål å fokusere på faglege prosjekt som setter arbeidet ved NBF i perspektiv, og slik er dette ei riktig prioritering.

REKONSTRUKSJON

Ein stor del av det kulturhistoriske forskingsarbeidet ved NBF er knytt til rekonstruksjon av eldre draktmateriale. Dette arbeidet blir utført i samarbeid med personar i det området drakta er ifrå, og gjev lokalmiljøet eit naudsynt eigarskap til arbeidet. Ofte fører ein rekonstruksjon fram til utvikling av ein ny bunad som blir sett i produksjon lokalt, og den skapar slik arbeidsplassar i nærmiljøet.

Ein rekonstruksjon inneber ei systematisk kartlegging av draktskikken i eit visst område ut frå innsamla data. Deretter blir det utført ei nøyaktig kopiering av draktplagg som høyrer saman frå same stad og same tidsperiode. I tillegg blir andre kjelder som fotografi, måleri, litteratur, munnleg tradisjon og mote -og stilhistorie studert. Desse kan seia noko om når/ kva høve plagga vart brukt og korleis dei vart brukt. Det er òg viktig å finne ut av handelsvegar, næringsvegar og kontakt med andre bygdelag, og samanheng med kledeskikkane i områda rundt. Arbeidet med oppsynging av ein prototype av ei komplett ferdig drakt med ulike variantar blir utført lokalt. NBF tilbyr opplæring, rådgjeving og til slutt ei vurdering av den tekniske utføringa av arbeidet sett i samanheng med kjeldematerialet som er lagt til grunn. Heile rekonstruksjonsprosessen går gjerne over fleire år før både rapport og vurdering av oppsydd prototyp er ferdig.

ARBEID MED REKONSTRUKSJON I 2016

Østfold, mannsbunad frå fyrste del av 1800-talet

Rekonstruksjonsarbeidet vart påbyrja i 2008. Det er Gilland-Design i regi av Østfold Bygdekvinnelag som utfører det praktiske arbeidet med rekonstruksjonen. Det er i 2016 ikkje levert inn plagg til vurdering.

Østfold, kvinnebunad frå slutten av 1700-talet

Rekonstruksjonsarbeidet vart påbyrja i 2008. Det er Østfold husflidslag ved Kari Filberg som har utført det praktiske arbeidet med rekonstruksjonen. Rekonstruksjonsprosjektet vart avslutta i 2015, men ein har i 2016 arbeidd noko vidare med enkelte nye plagg.

Sunnmøre, kvinnebunad fyrste del av 1800-talet

Sjølvde drakta er ferdig rekonstruert og fekk uttale i 1990. Det blir likevel arbeida med mindre plagg for å syne mangfaldet i drakttradisjonen. Det er i 2015 ikkje levert inn plagg til vurdering.

Sør-Valdres, kvinnebunad fyrste del av 1800-talet

Rekonstruksjonsarbeidet vart påbyrja i 2010. Det er Asta Karin Kampen som utfører det praktiske arbeidet med rekonstruksjon. Ho har i 2016 sydd opp ein del plagg til vurdering. Instituttet har halde fram arbeidet med rapporten om draktutviklinga i Valdres.

Stor-Elvdal/ Rendalen, rekonstruksjon av kvinnebunad

På arbeidsplanen for 2015 stod mogleg påbyrjing av rekonstruksjon av kvinnebunad frå Stor-Elvdal/ Rendalen etter ynskje frå bunadnemnda i området. NBF gikk våren 2015 gjennom alle registreringane frå området og konkluderte med at det bevara materiale framleis er for mangelfult til å byrje med ein rekonstruksjon. NBF held derfor fram med feltarbeid i aktuelle områder i tillegg til Rendalen.

Gudbrandsdalen, mannsbunad frå siste del av 1700-talet

Dette arbeidet er ein revisjon av tidlegare rekonstruksjonsarbeid med fråsegn frå 1983. I 2016 har fagkonsulent Kristin Gulbrandsen påbyrja mønsterarbeid, i fyrste rekkje etter ein mannsvest frå garden Håkenstad i Vågå. Ho har óg halde fram arbeidet med å innhente skiftemateriale frå området.

Rekonstruksjon, ullkvalitetar

I 2014 tok Gudbrandsdalens Uldvarefabrikk (GU) kontakt med NBF i forhold til rekonstruksjon av ulike ullkvalitetar som er nytta i den eldre draktskikken. NBF utarbeida ein rapport med vevanalyser av dei ulike kvalitetane som dei hadde ynskje om å arbeide vidare med i 2015. Dette prosjektet vart førebels lagt på vent då GU kjøpte opp Mandal Veveri sin produksjon av bunadstoff hausten 2015. GU ynskjer å kome attende til dette prosjektet når dei får tid og økonomisk rom til det.

Rogaland, kvinnebunad frå siste del av 1700-talet

Rekonstruksjonsarbeidet vart påbyrja i 1980, instituttet har vore deltakande i prosjektet frå 1997. Arbeidet vart den gong ikkje levert inn til vurdering då dei mangla godt nok grunnlag for hovudplagg til drakta. I 2015 tok bunadnemnda kontakt med NBF med ynskjer om ei slutføring av prosjektet. NBF har vore på feltarbeid i fylket får å finne meir materiale.

NOMENKLATUR

Arbeid med NBF sin nomenklatur for folkedrakt- og moteplagg har skjedd kontinuerleg i det daglege arbeidet i fleire tiår. Nomenklaturen tek utgangspunkt i NBF sitt innsamla materiale gjennom feltarbeid, i kombinasjon med kjeldestudier av drakthistorisk litteratur. I 2015 gav Norsk kulturråd signal om at det var ynskjeleg at denne nomenklaturen etter kvart vart publisert på www.kulturnav.no.

Same år ytra medlemmer i Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil ynskjer om å arbeide vidare og breiare med nomenklaturen, og til dels innlemme eit tidlegare arbeid frå Sverresborg og Norsk folkemuseum. Dette er utgangspunktet for at NBF no leiar arbeidet med ein ny, felles drakt- og tekstilnomenklatur i Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil. Det var i 2016 nedsett ei arbeidsgruppe på fem medlemsmuseum, som har mål om å møtast fem gonger i året. Desse er: Sverresborg folkemuseum under MIST, Nord-Østerdalsmuseet under Anno, Norsk folkemuseum og Osterøy museum under MUHO. I samarbeid med desse aktørane vil tekstilnomenklaturen vår no delast inn i 4 delar, drakttekstilar, husets tekstilar, draktmetall og reiskap.

I 2016 hadde arbeidsgruppa to møter der plan for arbeidet vart diskutert, og der ein søknad om middel frå Kulturrådet vart utarbeida. Det er no lagt ein plan for arbeidet for dei neste tre åra, og arbeidet i 2017 vart tilgodesett med 150.000,- kr. frå Norsk Kulturråd.

Boksamarbeid med Museum Nord

Instituttet vart i 2015 invitert av Museum Nord til å bidra i eit bokprosjekt om væreigar- og handelsfamiliar i Nordland. Ei særleg oppgåve for instituttet var å registrere museet sine samlingar i eit drakthistorisk lys. I 2016 var instituttet difor på feltarbeid på Ørnes, Kjerringøy, Gildeskål og Meløy bygdemuseum med særleg fokus på klesskikk i ulike lag av befolkninga. I tillegg har NBF arbeidd med ein oversikt over historiske tekstilomgrep, som er uvurderleg i arbeid med skriftlege kjelder (til dømes importlister, skifter mm).

Foredrag om handelsveggar i Noreg

Instituttet begynte i 2015 med undersøkingar om handelsveggar og import i Noreg, samt skrive eit foredrag om emnet. Temaet er spesielt viktig for instituttet å fordjupe seg i, ikkje berre for å auke kunnskapen om feltet ved instituttet, men og som sentrale tema i samband med undervising og seminar. Arbeidet vart slutført i 2016, og er utarbeidd som foredrag til bruk i undervising.

Manifest

Instituttet vart i 2015 med i Valdresmusea sitt prosjekt Manifest, som er ei fortsetjing av eit tidlegare prosjekt om folkemusikk og nasjonalisme. I prosjektet skal ein undersøkje kvifor ein i Sverige og Noreg har så ulike syn på ein folkemusikk- og bunadpraksis. Prosjektet skal resultere i ei utstilling ved Valdres Folkemuseum i 2018. Konservator Solveig Strand ved NBF er med i museets arbeidsgruppe. Hennar fokus er ein komparativ studie av bruk av bunaden som eit politisk symbol i dei to landa.

Bunadshistoria

Vinteren 2016 fekk NBF i oppdrag frå Aftenposten å skrive ein lengre artikkel om den norske bunadshistoria. Artikkelen var på ti sider og vart skriven av leiaren ved NBF. Artikkelen vart publisert i Aftenposten Historie i april 2016.

Styrke formidlinga og bruken av arkiva ved forskning

På arbeidsplanen for 2016 var det sett som mål at dei tilsette skulle fokusere på fordjuping i ulike draktområder eller på ulike drakthistoriske fenomen. Dette har eitt unntak ikkje vore mogleg å gjennomføre i 2016, med både ombygging og to nye tilsette.

Konservator Solveig Strand har i tillegg til si deltaking i Valdresmusea sitt prosjekt «Manifest», starta undersøkingar i eit eige draktområde. Prosjektet omhandlar draktskikken i området rundt Oslofjorden og undersøker korleis dette området har vore formidlere av moteimpulsar frå utlandet, til dei øvre stendene og vidare til bøndene. Dette prosjektet tek arbeidet vidare frå etableringa av omgrepet «folkeleg mote». Målet er å forske fram ny kunnskap om forholdet mellom motedrakt og folkedrakt i det før-industrielle Noreg.

FORMIDLING, UNDERVISING OG RÅDGJEVING

NBF arbeider med dokumentasjon, forskning og formidling på det folkedrakt- og bunadfaglege feltet, og har som mål å drive både praktisk og teoretisk formidling på vidaregåande og universitetsnivå.

Formidling av tekstilhandverket har ein særskilt prioritet: Tradisjonshandverk har som kjenneteikn manuelt arbeid og handlingsboren kunnskap. Vi ser i dag ei forskyving frå kunnskap i, til kunnskap om, som gjer at det tradisjonelle handverket og tradisjonelle material er i ferd med å forsvinne frå vår kulturarv. I 2016 var nettopp desse utfordringane tema på Fagdagane.

RÅDGJEVING

NBF sin fremste funksjon er å vere ein rådgjevande instans på det bunad- og folkedraktfaglege feltet. Henvendingar til NBF i 2016 har omhandla påkledning, bevaring og behandling av bunaddelar, kvar ulike draktdelar kjem i frå og kven som produserer dei ulike bunadane rundt om i landet. Bunadsprodusentar og -brukarar, studentar og forskarar, har tinga faglege rettleiingsbesøk.

Den største delen av rådgjevingsarbeidet har vore i forbindelse med rekonstruksjonsprosjekta der NBF er involvert. Dette rådgjevingsarbeidet dekker eit svært breitt spekter av faglege områder, det kan vere stoffkvalitetar, broderigarn, mønstertilpassing og gradering, medan andre treng praktisk rettleiing i samband med ulike handverksteknikkar.

Ombygging- og sikringsarbeidet som har vore gjort i 2016 har hatt som særleg fokus å sikre samlingane. I tillegg har ein arbeidd med å flytte om på og sortere delar av samlingane for å gjere formidling og rådgjeving enklare. Samlingane er i dag betre organisert, og det er enklare for alle tilsette å finne fram i dei. Ein viktig del av arbeidet har òg vore å gjere samlingane meir tilgjengelege for besøkande, både handverkarar og forskarar.

Drakt og samfunn

NBF har sida 2001 drive universitetsfaget Drakt og samfunn, i dei siste åra i samarbeid med NTNUVidare. Ei særleg utfordring som oppsto i 2015 var at NTNU ikkje lenger var i stand til å organisere studietilbodet Drakt og samfunn, etter ein omfattande tilsynsprosess av NOKUT. Universitet og høgskular i landet skulle då stå for minimum 50% av undervisinga sjølve, på fag i samarbeid med eksterne aktørar. 30. mai i 2016 var Camilla Rossing og Kjærsti Gangsø frå Studieforbundet Kultur og Tradisjon på Stortinget i møte med stortingsrepresentant Anne Tingelstad Wøien for å drøfte dette problemet.

Hausten 2016 vart eit nytt utkast til Studietilsynsforskrifta sendt ut på høyring. Her er det kome fleire endringar som opnar for at mindre fag kan kome forbi regelen om 50% tilsetjing. NBF vil nytte 2017 til å undersøkje nye moglegheiter for faget.

Bunadopplæringa

Bunadopplæringa består av seks modular som blir gjennomført over tre år. Innhaldet i modulane er bygd opp kring læreplanen i bunadtilverkarfaget VG3 /opplæring i bedrift. Kursrekkja kan inngå som eit grunnlag for å gå opp som privatist i faget og vera ein del av eit løp til sveinebrev. Bunadopplæringa er eit samarbeid mellom Norges Husflidslag, Noregs Ungdomslag og

Studieforbundet kultur og tradisjon. NBF tilbyr kompetanse og tenester for bunadsopplæringa ved behov. NBF har organisert samling 2 i to omgangar i 2016, samt delteke på kurslærarsamling.

Utstilling

NBF har som mål at ein skal ha gode, faglege og relevante utstillingar til ein kvar tid. I 2016 har dei to utstillingane frå 2015 fått stå i ro. Frå hausten 2016 har NBF og Valdresmusea starta planlegging av ei ombygging av museets utstillingsareal. I 2018 skal den fyrste delen av utstillingane stå klar, og i 2019 skal NBF si nye, faste utstilling stå klar.

Media

NBF opplever ein særleg stor pågang frå media i vekene før 17. mai, samt i samband med feltarbeid i lokal presse. I juni 2016 fekk ei uvanleg sak særskilt mykje merksemd i media; AP-politikar Sahfana M. Ali frå Stavanger hadde fått sydd ein spesialdesigna hijab til den nye Rogalandsbunaden sin. NBF valde å ta eit tydeleg standpunkt i saka, som mellom anna vart formidla gjennom eit møte med Sahfana Ali, Kari Anne Pedersen og NRK P1 på Norsk folkemuseum i juni. I tillegg skrev leiaren ved NBF ein kronikk som vart publisert i Stavanger Aftenblad.

NBF har i denne saka, i samråd med direktør ved Valdresmusea og Bunad og folkedraktrådet, lagt vekt på likskapen mellom dei muslimske og norske tradisjonelle hovudplagga. Ikkje minst har ein peikt på hovudplagga sine felles opphav i middelhavskulturen i tidleg mellomalder. I eit samtidsperspektiv har NBF lagt vekt på at muslimar og andre innvandrar sin bruk av bunad er positivt og at det er eit teikn på god integrering.

I kjølvatnet av denne saka fekk NBF ei rekkje positive tilbakemeldingar, men og fleire svært negative. Enkelte av dei var retta mot dei tilsette spesielt og brukte svært stygt språk. NBF står fast på at det var viktig at ein tok standpunkt i denne saka.

Nettsider og sosiale media

NBF har gjennom året jamt oppdatert nettsidene sine og slik formidla feltarbeid, arrangement og andre relevante saker for alle interesserte. Det har vore jamn trafikk på sidene. På Facebook er særleg oppdateringar frå feltarbeid svært populært.

Nettsidene til NBF vart oppretta i 2010 og NBF har vore godt nøgde med dei. I dag er dei diverre utdatert og bør oppgraderast. Hausten 2016 hadde NBF og Valdresmusea felles møter om nye nettsider, i samarbeid med KulturIT. Det vart her bestemt at NBF og Valdresmusea skal ha felles nettsider i form av «Museum 24» i samarbeid med KulturIT. Nye nettsider skal vere på plass i løpet av 2017.

Omvisingar

Ulike interessentar som t.d. institusjonar, lag og foreiningar ynskjer frå tid til anna omvising og orientering i NBF sitt arbeid, samt bunadutstillinga. NBF har hatt 8 slike besøk i utstillingane i 2016.

Gjennom sommaren tek omvisarane ved museet ansvaret for dei aller fleste omvisingane i NBF si bunadutstilling. I tillegg kjem alle andre turistar, totalt om lag 40 000 besøkande gjennom året. Camilla Rossing og Kristin Gulbrandsen deltok i 2016 med opplæring av nye guidar i bunadutstillinga på museet sitt «Omvisarseminar».

DELTAKING OG MØTE

Januar

- Besøk av Sissel Beate Skaar, journalist og forfatter.
- Besøk av Helge Gudheim for rådgjeving på rekonstruksjonsarbeid.
- Møte i Oslo om Fagdagane
- To dagers møte i Nomenklaturgruppa i Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil, i Trondheim.

Februar

- Møte i Bunad- og folkedraktrådet, i Oslo.
- NBF arrangerte samling 2 i Bunadopplæringa.
- NBF deltok på årsmøte i Nord-Aurdal Husflidslag med kort foredrag om bunadene i Valdres.

Mars:

- Besøk av Kai Terje Kjørli, som ville sjå i arkivet.
- NBF deltok på seminar på Norsk Folkemuseum om metode i forskingsarbeid.
- Feltarbeid i Stavanger, i samband med utvikling av hovudplagg til en eldre rekonstruksjon.
- Camilla Rossing i arbeidsmøte med evalueringskomiteen under Unesco.
- NBF deltok på kurs med Nasjonalmuseet: «Kunst med sensitive temaer».
- NBF arrangerte kurslærarsamling for Bunadopplæringa på Fagernes.

April

- NBF fekk besøk av bunadnemnd frå Sunnmøre som fekk rådgjeving om rekonstruksjon.
- NBF i møte med arbeidsgruppa om Fagdagane i Oslo.
- Camilla Rossing i arbeidsmøte med evalueringskomiteen under Unesco.
- NBF fekk besøk av studenten Marie Borgen om korleis bunad eller folkedrakt vert brukt politisk i ulike samanhengar.
- Leiar ved NBF var på leiarkurs ved Forskerforbundet.
- NBF fekk besøk frå Hol museumslag.

Mai

- NBF fekk besøk frå Hemsedal bunadnemnd om rekonstruksjon og kjeldebruk.
- Camilla Rossing i arbeidsmøte med evalueringskomiteen under Unesco.
- NBF fekk besøk av Marta Kondrova frå Tsjekkia og Bjørn Sverre Hol Haugen frå Anno Museum i Hedmark. Dei to musea har eit utvekslingssamarbeid og Hol Haugen ville syne Noregs arbeid med tradisjonelle drakter.
- NBF deltok på samling med Instruktørnettverket for IKA på Lygra.
- NBF fekk besøk av Mathias Johansson. Han er gullsmed og ville sjå i arkivet.
- Feltarbeid i Setesdal.
- Leiar ved NBF og Kjærsti Gangsø ved Studieforbundet Kultur og Tradisjon besøkte representant Anne Tingelstad Wøien frå Arbeiderpartiet på Stortinget for å drøfte framtida til Drakt og Samfunn jamført NOKUT-saka.
- Omvising med Nord-Aurdal barneskole i bunadutstillinga.

Juni

- Leiar ved NBF held foredrag på fagkveld hos Fagernes Husflid
- Runar Foss Larsen på besøk ved NBF for registrering og fotografering av gjenstander.
- NBF på besøk til Gudbrandsdalens Uldvarefabrikk
- Camilla Rossing og Kristin Gulbrandsen heldt foredrag under Omvisarsemianret på Valdresmusea.
- Omvising i bunadutstillinga for besøkande.

- NBF i møte med arbeidsgruppa for Fagdagane, i Oslo.
- Camilla Rossing i arbeidsmøte med evalueringskomiteen under Unesco.
- Feltarbeid i Stor-Elvdal og Trysil.
- Besøk av forfatter Nina Granlund Sæter, om materiale til ny bok.
- Leiar ved NBF og direktør ved Valdresmusea i møte med representantar frå Kulturrådet. Om NBF si rolle som nav i Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil.
- Leiar ved NBF på Norsk Folkemuseum med Sahfana M. Ali, Kari Anne Pedersen og NRK P1. Intervju om hijab til bunad.
- Besøk av husfliden på Gol, om slutføring av rekonstruksjon av bunad frå Øvre Hallingdal (1790-modell)
- Feltarbeid i Nordland.

August:

- NBF i møte om arrangement knytt til kongevegen over Filefjell.
- NBF på lansering a Anne Longvik si bok om Aagot Noss, på Norsk Folkemuseum.
- NBF med på opning av kongevegen, med bunadbryllaup i Borgund Stavkyrkje.
- NBF arrangerte Fagdagane 2016, med foredrag, workshops og demonstrasjon.
- NBF besøk av Line Iversen for sjå på ulike mannstrøyer frå Sunnmøre.

September:

- NBF fekk besøk av Anne Lisbeth Øiseth for å sjå i arkivet etter skjorter.
- BFR-møte på Fagernes.
- NBF på besøk til Leif Flugon for å hente siste del av sylvsamlinga hans. Denne har han donert til instituttet.
- NBF fekk besøk av eit bunadsnettverk på Østlandet, som er særskilt interessert i folkedraktmateriale frå Aust-Telemark.
- Leiar ved NBF og direktør ved Valdresmusea deltok på Det Nasjonale Museumsrådet i Molde.
- Feltarbeid Vågå
- Besøk av Ellen Hanne Geirbo, som hadde med ein gamal stakk til registrering og fotografering.
- Ragni Engstrøm Nilsen, samlingsansvarleg på NBF, var på Primus kurs.
- NBF fekk besøk av Husfliden i Bergen, som ville sjå på kjeldematerialet bak Fusa-bunaden.
- Leiar ved NBF var på NOKUT sin høyringskonferanse i Oslo.

Oktober:

- NBF deltok på møte i Nomenklaturgruppa i Oslo.
- NBF besøk av Lise Sjøraune som ville sjå i arkivet.
- Feltarbeid i Atrå, Tinn i Telemark.
- Solveig Strand, konservator ved NBF, deltok på «Det relevante Museet» i Trondheim. Kursuke for museumstilsette.
- NBF arrangerte Bunadopløringa
- Leiar ved NBF deltok på forskingsseminar: «Museenes mangfoldiggjørende praksiser».
- Leiar ved NBF deltok på samling i Instruktørnettverket, hos Norsk Kulturråd i Oslo.

November:

- Kristin Gulbrandsen og Solveig Strand deltok på seminar foredrag i Kaupanger med Bjørg Hovland og Magny Karlberg.

- Ragni Engstrøm Nilsen ved NBF deltok på brukermøte med KutlurIT; «Morgendagens museum: Strategi og møtet mellom IT og godt innhold».
- Anny Stand og Joar Vaagøe på besøk ved NBF for å sjå på mønster og i arkivet.
- NBF deltok på evalueringsmøte etter Fagdagane, i Oslo.
- NBF deltok på bunadsdag på Hardanger folkemuseum i Utne. Camilla Rossing og Kristin Guldbrandsen held foredrag om NBF sitt arbeid og feltarbeid.
- Leiar ved NBF deltok på møte i arbeidsgruppa for «Løfte Håndverket», i Oslo.
- NBF deltok på seminar i «Løfte Håndverket» i Oslo, med tema om bevaring og vidareføring av tradisjonshandverk.

Desember

- Camilla Rossing deltok saman med Norsk Håndverksinstitutt i Evalueringskomiteen under Unesco på det mellomstatlege møtet i Addis Abeba.
- BFR møte.

FORNYING OG NETTVERKSBYGGING

Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil

NBF gjennom Valdresmusea er nettverksansvarleg for Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil. NBF skal som nettverksansvarleg bidra til å skape dialog mellom museumstilsette på det drakt- og tekstilfaglege feltet og leggje til rette for gode møteplassar og kompetansehevande tiltak. Fokus i 2016 har vore på arbeidet i nomenklaturgruppa. Det er har derfor ikkje vore noko samling i nettverket i 2016. Den 21. juni hadde instituttet besøk av to representantar frå Norsk Kulturråd på rundreise, som ville drøfte arbeidet med nettverket.

Bunad og næring

Studieforbundet Kultur og Tradisjon har gjennom eit samarbeid med NBF, Næringshagen i Vågå, Norges Husflidslag, Noregs Ungdomslag og Heimen husflid fått støtte til prosjektet «Tekstilhandverket» for å kartleggje kva faktorar som er avgjerande for at bunadtilverking som tradisjonelt handverksfag skal bestå, og korleis ei trygging av denne næringa kan vera eit viktig tiltak i arbeidet med vern av handverk som immateriell kulturarv. Arbeidet haldt fram i 2016 med foredrag av ein master-student på Fagdagane, som har undersøkt korleis kjøp av bunad i ein husflid opplevast av kunden. Alle deltakarar på Fagdagane fekk ei utgåve av masteroppgåva. Prosjektet er planlagt avslutta i 2017.

Fagdagane 2016 - Broderi

Tema for Fagdagane 2016 var broderi med ei rekkje praktiske workshops. Ein hadde også invitert aktuelle foredragshaldarar. Fagdagane 2016 såg dessutan på framtida for bunadnæringa og spørsmål kring kunnskap, kulturarv og næring. På seminaret var det foredrag, innlegg og debatt i tillegg til utstillingar, stoffmesse og demonstrasjon av handverk. Om lag 140 deltakarar frå heile landet deltok og attendemeldingane var svært gode, noko som syner at ein slik felles, nasjonal møtestad er viktig for feltet. Fagdagane er eit samarbeidstiltak mellom Norges Husflidslag, Noregs Ungdomslag, Norsk folkedraktforum, Studieforbundet Kultur og Tradisjon og Norsk institutt for bunad og folkedrakt.

Immateriell kulturarv

I 2016 har NBF halde fram si deltaking i instruktørnetverket for implementering av UNESCO sin konvensjon om immateriell kulturarv i Noreg. Her knyter NBF kontakt med andre relevante aktørar frå kulturarvsfeltet i Noreg. På same tid som ein er med og former arbeidet med IKA i Noreg. Fokus i 2016 har i stor grad dreia rundt korleis ein portal for registrering av IKA bør og kan sjå ut.

NBF bør i tida framover arbeide meir målretta med dokumentasjon og bevaring av immateriell kulturarv på drakt – og tekstilfeltet i Noreg, og deltaking i dette nettverket er såleis eit svært godt grunnlag.

Evalueringskomité under Unesco

I februar 2016 vart Camilla Rossing ved NBF spurt om ho ville sitje i ein norsk evalueringskomité under Unesco, saman med Norsk Håndverksinstitutt. Komiteen er oppretta som representant for Nord-Europa og Nord-Amerika. Det er fire andre slike komitear rundt om i verda. Desse fem komiteane, saman med fem enkeltstående ekspertar, er dei som evaluerer søknadar frå heile verda om å bli sett opp på Unesco sine lister over Immateriell Kulturarv. Frå april til juni 2016 vurderte den norske komiteen 51 slike søknader. I desember deltok komiteen på det mellomstatlege møtet i Addis Abeba, kor søknadane vart behandla.

Dette har vore mykje arbeid for den nytilsette leiaren ved instituttet, men arbeidet har likevel vore ein viktig og riktig prioritet, i samråd med direktør for Valdresmusea og BFR.

BUNAD OG FOLKEDRAKTRÅDET

Bunad og folkedraktrådet er eit statleg oppnemd råd og er ein rådgjevande innstans for Norsk institutt for bunad og folkedrakt. NBF fungerer som sekretariat for Rådet.

| | |
|---|-------------|
| Eva Steinvik Wold , Dagleg leiar, Bunadsaum AS, Inderøy | -rådsleiar |
| Berit Åse Johnsen , Konservator, RidduDuottarMuseat, Karasjok | -medlem |
| Petra-Mari Linaker , Husflidskonsulent, Troms | -medlem |
| Ingar Ranheim , Konservator, Valdresmusea | -medlem |
| Ayesha Khan , Sosialantropolog, Oslo | -medlem |
| Ida Tolgensbakk , Doktorgradstipendiat kulturhistorie, UiO | -varamedlem |
| Lise Finne , Høgskolelektor, Kunst- og Designhøgskolen, Bergen | -varamedlem |

Av desse er Ingar Ranheim, Ayesha Khan og Ida Tolgensbakk oppnemt til 2018. Dei andre er oppnemt til 2020.

Møtedatoar 2016

Møte 1: 04. februar, Oslo

Møte 2: 16. juni, Nasjonalbiblioteket

Møte 3: 06. september, Fagernes

Møte 4: 05. desember, Norsk folkemuseum

Bunad- og folkedraktrådet er ein viktig drøftingspartner for NBF i strategi og vegval. Rådet har i 2016 handsama tiltaksplan, budsjett og rekneskap og årsrapport. Vidare har dei vore med i drøftingar rundt personalsituasjonen/ ny instituttleiar, ombygging og sikring, høgskulestudiet «Drakt og samfunn» og andre prinsipielle saker. Rådet har kommentert NBF sin årsrapport og budsjettsøknad til Kulturdepartementet, og legg her vekt på at det trengs ei auke i bevilgninga for å få utnytta si rolle som verdiskapar, kompetansesenter og arkiv.